

Årsrapport frå SNO til Breheimen nasjonalparkstyre 2018



SNO lokalt:

Liv Byrkjeland, Luster

Øyvind Angard, Skjåk

I tillegg har nasjonalparkstyret kjøpt tenester av:

Skjåk almenning

Lom fjellstyre

Skjolden bygdeservice SA

Johannes Hauge, Kjell Einar Ormberg, Oddvar Vigdal, Vigdalen grendalag.

Framsidedfoto: Dulsetefossen - etter flaumen. Foto: Liv Byrkjeland

Innhold

1. Kjerneoppgåver (kontroll, tilsyn, informasjon, mv).....	4
1.1 Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet	4
1.2 Kort om aktiviteten	4
1.2. Motorferdsel.....	7
1.2.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet	7
1.2.2. Kort om aktiviteten	7
1.2.3. Resultat eller reaksjonar	7
1.2.4. Utviklingstrekk eller utfordringar	8
1.2.5. Tilrådde oppfølgingspunkt	8
1.3 Villrein	8
1.3.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet	8
1.3.2. Kort om aktiviteten.....	8
1.3.3. Resultat eller reaksjonar	9
1.3.4. Utviklingstrekk eller utfordringar	9
1.3.5. Tiltak villrein CWD Nordfjella	9
1.3.6. Tilsyn med tamreindrift	10
1.3.7. Oppfølgingspunkt tamrein og CWD.....	10
1.4. Informasjon	10
1.4.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet	10
1.4.2. Kort om aktiviteten.....	11
1.4.3. Resultat eller reaksjonar	12
1.4.4. Utviklingstrekk eller utfordringar	12
1.4.5. Tilrådde oppfølgingspunkt	12
1.5. Tilsyn med byggeløyve i Breheimen	12
1.5.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet	12
1.5.2. Kort om aktiviteten.....	13
2. Registrering/overvaking	14
2.1 Flaumen.....	14
2.2 Besøksforvaltning.....	15
2.2.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet	15
2.2.2. Kort om aktiviteten.....	15
2.2.3. Resultat	16
2.3 Bevaringsmål	19
2.3.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet	19
2.3.2. Kort om aktiviteten.....	19
2.3.3. Resultat	20
2.3.4. Utviklingstrekk, utfordringar og oppfølging	22
2.4 Bestandsovervaking av rovvilt.....	22

2.4.1. Kort om aktiviteten.....	22
2.5 Artsobservasjonar	23
2.5.1. Kort om aktiviteten.....	23
2.5.2. Resultat eller reaksjonar	24
2.5.3. Utviklingstrekk eller utfordringar	24
2.6 Rydding av avfall i Bordvassvegen.....	24
3. Bestillingsoppgåver.....	24
3.1 Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet	24
3.2 Kort om aktiviteten	25
3.3. Skjøtselstiltak	25
3.3.1. Kort om aktiviteten.....	25
3.3.2. Slått og haustbeite på slåttengene i Mørkridsdalen	25
3.3.3. Nytt haustbeiteprosjekt i Mørkridsdalen.....	25
3.3.4. Andre små skjøtelsprosjekt i Mørkridsdalen	27
3.3.5. Skjøtsel i Vigdalen	27
3.3.6. Tilsyn i Dumdalsgrottene	28
3.3.7. Skjøtsel Mysubytta	28
3.3.8. Utviklingstrekk og utfordringar	28
3.2.1 Tilrådde oppfølgingspunkt	29
3.3 Restaureringstiltak.....	29
3.3.1 Utbetring av stiar i Mørkridsdalen.....	29
3.3.2 Restaurering av steingarden på Dulsete.....	29
3.3.3 Kloppegging i Honnsrøve NR	29
3.3.4 Utviklingstrekk og utfordringar	30
3.3.5 Tilrådde oppfølgingspunkt	30
4. Vedlegg.....	31

1. Kjerneoppgåver (kontroll, tilsyn, informasjon, mv)

1.1 Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet


- *"Kontroll med etterlevelsen av spesifiserte miljølovverk er kjerneaktiviteten til SNO, og skal opprettholdes i 2018. Basisen i det løpende kontrollarbeidet skal fortsatt bestå av uniformert tilstedeværelse i aktuelle naturområder kombinert med rutinemessig kontroll av etterlevelsen av regelverket. Den rutinemessige kontrollen skal skje i form av stikkprøver og systematisk oppfølging av etterretningstips. I tillegg skal det gjennomføres aksjoner der dette anses hensiktsmessig, gjerne i samarbeid med andre myndigheter.*
- *Kjerneoppgaver knyttet til kontroll- og tilsyn skal prioriteres foran bestillinger om tiltak fra np-styrer, FM og kommuner dersom det oppstår kapasitetsutfordringer og det må foretas valg mellom oppgaver.*
- *For å øke fleksibiliteten og styrke samarbeidet i organisasjonen skal samarbeidet med kolleger på prioriterte arbeidsoppgaver styrkes som i fjor. Personell i lokalt SNO må være forberedt på å jobbe mer utenfor eget ansvarsområde, både geografisk og faglig".*

1.2 Kort om aktiviteten


Figurane under viser oversikt over SNO sin oppsynsaktivitet. Figurane viser brukt arbeidstid i timar på ulike fagområde i og utenfor verneområde hjå SNO i Luster og Skjåk/Lom i løpet av 2018. Det er brukt mest tid på oppsynsaktivitet (tilsyn) i Breheimen og Mørkridsdalen på begge sider av grensa. Det er også brukt mykje tid på tiltak og skjøtsel, registrering og overvaking i verneområde, registrering/overvåking av vilt og rovvilt og motorferdseloppsyn (sjå figur 1 og 3).

I tillegg til Breheimen og tilgrensande verneområde har SNO Luster også oppsynsansvar i mange små verneområde, og samarbeidar med andre kollega ut over Breheimen. Totalt har 26 ulike verneområde vore besøkt i 2018.


SNO erorganisert i fagansvar og regionar. SNO-Skjåk har fagansvar for motorferdseloppsyn i Oppland, medan SNO-Luster hatt fagansvar for myr og kulturminne i Sogn og Fjordane og arbeid med bevaringsmål i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag. Dermed går det også med ein del arbeidstid til dette.




Figur 1. Tal timar brukt på ulike arbeidsområde for Liv 2018.



Figur 2 Tal timar brukt på ulike arbeidsområde for Øyvind 2018.



Figur 3. Tal på timar Liv har brukt i forskjellige verneområde i 2018.



Figur 4. Tal på timar brukt i ulike verneområde for Øyvind

1.2. Motorferdsel

1.2.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet

Motorferdsel i utmark: "Det er særlig forventninger til snøskuterkontroll, spesielt knyttet til kontroll med de nye kommunale løypene, samt innføringen av nytt overtredelsesgebyr. Oppsyn med barmarkskjøring skal prioriteres særskilt. I tillegg skal det gjennomføres kontroll med vannskuter i verneområder der dette er særskilt regulert i verneforskriften".

1.2.2. Kort om aktiviteten

Det har i år vore fokusert mest på kontroll av snøscooter, både i og utanfor verneområder. I verneområda har det vore kontrollert sporadisk dei vi har påtreft i samband med anna oppsynsteneste, der ingen ulovligheter er oppdaga av desse. Utanfor verneområda har vi gjennomført fleire aksjonar i områda Sogndal, Valdres, Midt-Gudbrandsdalen og Nord-Gudbrandsdalen.

Det har vore mange ekstrasflygingar med helikopter i samband med flaumen i oktober. Vi har pr. i dag ikkje rekreasjonsløyper i våre områder.

1.2.3. Resultat eller reaksjonar

Statistikk MF SNO-L Oppland inkl tenestekjøp	2018	2017
Timer	355,5	290
Informerte	81	47
Kontrollerte	27	22
Anmeldte	5	6
Påpeking av plikt/advarel	4	1

1.2.4. Utviklingstrekk eller utfordringar

Det virkar som den lovhjemla kjøringa innafor verneområda går godt iht gjeldande regelverk. Utfordringa ligg noko meir utanfor desse, og vi har føringar på å prioritere også slik kontroll.

1.2.5. Tilrådde oppfølgingspunkt

Fortsetja kontroll av lovhjemla motorferdsel i verneområda. Elles blir det å ta tak i tips om ulovleg kjøring, samt fokusere på barmark. Vi må følgje med på korleis forsøket med catskiing går i tilknytning til eksisterande alpinanlegg, for vår del Stryn og Vang. Ved Stryn sommerskisenter, har dei ein trase som kjem inntil Breheimen og Jostedalbreen NP.

1.3 Villrein

1.3.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet

"Skal følgje med på villreinjaktutøvelsen, der fokus skal vera human og sikker jakt, samt informasjon og veiledning".

1.3.2. Kort om aktiviteten

I villreinjakta har vi i SNO bidrege med oppsyn ifht jaktutøvelse i samarbeid med Villreinutvalget Reinheimen og Breheimen, som har ansvaret for dette. Villreinutvalget har eit oppsynskorps på om lag 20 oppsyn som fungerer i jakta, der vi i SNO utgjer 5 av desse. Vi går oppsyn i både Reinheimen og Breheimen, alt ettersom kor det er mest behov i forhold jegermasse og flokkstørrelser. I tillegg bidreg vi med teljingar av flokkane i gjennom året som blir lagt inn i sett rein basen. Villrein er ein art vi har mykje med å gjere gjennom året, både i og utanfor jakta.

842 dyr ble felt, noe som ga en fellingsprosent på 74,8

Område	Kvote	Ant. felte dyr	Fellings%
Reinheimen	900 dyr	663 stk	73,7
Breheimen	225 dyr	179 stk	79,5
Totalt	1125 dyr	842 stk	74,8

Fordeling felte dyr: Kalv 287 stk (34,1%) – Ungdyr 76 stk (9,0%) – Vaksne 479 stk (56,9%)

Figur 5. Statistikk felling villrein 2018

BREHEIMEN (tidl. Ottadalen sørområde):

Kommune	Kvote	Ant. felte dyr	Fellingsprosent
Skjåk	171	139	81,3
Stryn	15	12	80,0
Luster	39	28	71,8
Totalt	225	179	79,6

Fordeling felte dyr kjønn/alder i prosent:

	Årskalv	1 1/2 år	Eldre	I alt
Hamndyr	18,4	4,4	30,2	53,0
Hunddyr	14,0	5,0	28,0	47,0
Sum	32,4	9,4	58,2	100,0

Breheimområdet har en vinterstamme på ca 750 dyr totalt og 2 jaktområder:

Sør-Vest:	Skjåk og Stryn	37 dyr felt - kvote 40 (fell%: 92,5%)
Sør-Øst:	Skjåk og Luster	142 dyr felt - kvote 185 (fell%: 76,8%)

Figur 6. Statistikk fordelt på uttak og alder

1.3.3. Resultat eller reaksjonar

I løpet av jakta der det er om lag 1100 jegerar på begge områda, er det om lag 12-15 saker som vert oppgjort på staden, f.eks. feilfellingsgebyr. 3 jegerar gjorde handlingar som medførte anmeldelse til politiet.

1.3.4. Utviklingstrekk eller utfordringar

Bra fellingsprosent gjer så det til neste år sannsynlegvis ikkje blir høgare kvotar enn det er nå. I Reinheimen har det vorte oppdaga fleir dyr som er råka av fot/klauvråte, som er smittsamt mellom reinar. I Breheimen har ikkje dette vorte oppdaga korkje på villrein eller tamrein.

1.3.5. Tiltak villrein CWD Nordfjella

SNO er ein organisasjon som kan bli aksjonsstyrt på større prosjekt andre stader i landet. Vinteren 2017/18 har ein god del tid gått med på å bidra i prosjektet med å sanere villrein flokken i Nordfjella sone1. Angard har her gått inn turnusarbeid med felling av villrein, samt prøvetaking og handtering av dyr på basen ved Breistølen på Hemsedalsfjellet. Byrkjeland var også med på prøvetakingsbiten. Vi var oppdelt i tre lag som rullerte med ei veke på jobb i Nordfjella og to veker på jobb heime. Dette starta førjulsvinteren 2017 og vart avslutta i månadsskifte februar/mars 2018. Totalt vart om lag 1400 dyr sanert i denne perioda, og SNOs jobb er i første omgang avslutta.



Figur 7. Speiding etter dyr i Nordfjella.

1.3.6. Tilsyn med tamreindrift

På oppsynsturar i områda mot Sognefjellet/ Lomseggen på etterjulsvinteren er vi av og til i kontakt med gjetarane til Lom tamreinlag. Dei kjem med flokken sin frå Visdalen før dei tek i bruk områda i Breheimen og inn mot Skjåk grense på vinterbeite. Dei kjem normalt inn i Breheimen i løpet av februar og reiser att mot kalvingsland i løpet av april. Når det lir ut mot avreisetid for dei, kjem normalt villreinbukkeflokkane over frå Lundadalen mot Bøverdalsida. Det er såleis viktig at gjetarane passar på så ikkje blanding av flokkane forekjem. Dette er også ei oppgåve vi i SNO følger med på, og vi er i jamleg dialog med tamreinlaget denne perioda på vårvinteren. Dette har stor prioritet da eit ev. etterarbeid for å skilja dyra vil bli meir arbeidskrevande og vanskeleg enn å hindra dei i å gå i saman. Dette gjeld også for villreinstamma i Vest-Jotunheimen i den tida tamreinen beitar mot vest på Sognefjellet.

1.3.7. Oppfølgingspunkt tamrein og CWD

- Jamleg dialog med tamreinlaget i tida dei er på vinterbeite i Breheimen.
- Vere i beredskap i forbindelse med CWD

1.4. Informasjon

1.4.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet

Sitat frå tildelingsbrevet til SNO i 2018:

"SNO er pålagt å avvike naturveiledning innan utgangen av 2018, og naturveilederseksjonen ble lagt ned i 2017. SNO skal derfor ikke drive med naturveiledning i 2018."..." Selv om naturveiledning er avviket i SNO understrekes det at SNO fortsatt skal informere og formidle om sin egen virksomhet, verneområdene og regelverket i miljølovene. Det innebærer at SNO skal informere i møte med mennesker ute i felten, delta på messer o.l., men vi skal ikke lengre være aktive i utarbeidelse og gjennomføring av egne undervisningsopplegg verken på barnehage-, grunnskole-, videregående, høgskole/universitetsnivå eller mot andre organisasjoner."

1.4.2. Kort om aktiviteten

Det har ikkje vore arrangert opplegg for skular i 2018 sidan dette skal nedprioriterast. Tilfeldige møte med publikum i felt har vore som før. Statestikken viser 200 + informerte i Breheimen og tilgrensande verneområde.

SNO har bistått nasjonalparkstyret og innleigde konsulentar med kunnskap på synfaringar og i styremøter (sjå figur 8-10).

Anna informasjonsarbeid er knytt til besøksstrategi og vert tatt hand om av nasjonalparkforvaltarar og verneområdestyrer.



Figur 8. Oppstartsmøte for skjøtelsplan med grunneigarar i Høydalen



Figur 9. Synfaring med forskarar frå NINA i samband med sårbarhetsanalyse i Dumdalen



Figur 10. Oppstartsmøte for skjøtselsplan med grunneigarar i Vigdalen

1.4.3. Resultat eller reaksjonar

SNO får mange tilbakemeldingar frå skular om at dei ynskjer at satsinga på naturveiledning til komande generasjonar bør prioriterast i vernearbeidet.

1.4.4. Utviklingstrekk eller utfordringar

SNO jobbar lite med informasjon etter naturveiledninga er nedprioritert og informasjonsarbeidet er knytt til besøksstrategi. SNO sit på mykje kunnskap om verneområda og det er viktig å passe på at eksterne konsulentar og andre fagfolk kontaktar oss.

1.4.5. Tilrådde oppfølgingspunkt

- Sikre god kommunikasjon mellom eksterne fagfolk og SNO.

1.5. Tilsyn med byggeløyve i Breheimen

1.5.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet

- *Fortløpende fokus på oppfølging av gitte dispensasjonar. Det skal minimum gjøres noen stikkprøvekontroller i alle verneområder med byggeaktivitet, samt oppfølging av eventuelle særlige bestillinger. I tillegg forsterket innsats i 2018 i noen utvalgte områder, jf. Kontrollplan."*
- *"Kontroll med inngrep og byggesaker i verneområder. Rondane, Dovrefjell-Sunddalsfjella, og Breheimen NP prioriteres særskilt i 2018"*

1.5.2. Kort om aktiviteten

Breheimen er plukka ut som utvalt område for denne kontrollen i 2018.

SNO har gjennomført 6 kontrollar på byggeløyve gitt av Nasjonalparkstyret der SNO har kontrollert om bygga er sett opp i trå med vilkåra, og om vilkåra er kontrollerbare.

Løyve til restaurering av stølshuset på Berget i Mørkridsdalen vart kontrollert. Der var vilkåra lett å kontrollere, men det vart avdekket ei saksfeil i kontrollen. Ingen avvik vart avdekket, figur 11.

Det vart også utført kontroll av Meteorologisk Institutt si nye mast ved Spørteggbu i Breheimen (figur 12). Kontrollen avdekket at det var små avvik på plassering av solcellepanel og skap på masta. SNO melde ifrå til Nasjonalparkstyret som såg på saka og vurderte det til å vere så små avvik at oppretting eller anmeldelse ikkje var aktuelt.



Figur 11. Kontroll av oppfølging av vilkår avdekket ingen avvik på stølshuset på Beget.



Figur 12. Kontroll av masta avdekket at plassering av solcellepanelet ikkje var i samsvar med vilkåra.

På austsida er fire tiltak kontrollert:

1. Restaurering av hytte på Strynsfjellet - Telegrafhytta
2. Ny bru i Lundadalen
3. Tilbygg/restaurering seter i Mysubytta
4. Sperregjerde Tundaradelen

Løyva som er gjeve, har greie vilkår for oss å kontrollere. Av desse så er det ingen saker som bryt alvorleg med løyva som er gjeve. Ei sak er ikkje ferdigstilt, to er i orden i forhold til kontrollen, og ei sak er inne til vurdering for retting.



Figur 13. Restaurering av seter Mysubytta- 2016



Figur 14. Ny bru i Lundadalen - 2015

2. Registrering/overvaking

2.1 Flaumen


Flaumen 14. oktober 2018 var den største som har nokon sinne vore målt i Breheimen, og ingen kan hugse noko liknande. Elvar har øydelagt 12 bruer, vaska vekk vegar og stiar og vatnet stod midt på veggjen på stølshus. Flaumen vil påverke arbeidet med verneområda i mange år framover. Mange involverte er allereie i gang med oppatt bygginga: grunneigarar, DNT, nasjonalparkstyre, SNO, kommunar og andre offentlege instansar. Bileta i figur 15 - 21 viser nokre av skadane som flaumen gjorde i verneområda. SNO har hovudsakleg vore med å registrere skadane etter flaumen.



Figur 15. Mørkridselvi har tatt nye løp fleire plassar ..




Figur 16 ..og har vaska vekk bilvegen inn til verneområdet



Figur 17..beitedyr stod att inni dalen



Figur 18 ...12 bruer skada og øydelagt. Liabrua står så vidt..



Figur 19..andre bruer er skylt vekk som her på Fossen.



Figur 20. Brua ved setra i Tundradalen.



Figur 21. Vegen inn til verneområdet vart også øydelagt. Heile Mørkridsdalen var dekkja av vatn 14. oktober.

2.2 Besøksforvaltning

2.2.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet

- "Tiltak knyttet til besøksforvaltning og merkevarestrategi samt pågående skjøtselstiltak forankret i plan skal prioriteres. Graden av andre oppdrag vi kan påta oss må vurderes i det enkelte område ut fra kapasitet og andre prioriterte oppgaver".

2.2.2. Kort om aktiviteten

Nasjonalparkstyret ynskjer å overvake trafikken i Mørkridsdalen (Grasøy + Drivandefossen), Dumdalen og Raudalen. SNO har sett opp ferdselsteljarar i sommar. Eine teljaren vart teken av flaumen i Mørkridsdalen i oktober, men både teljar og det meste av resultat vart redda.

2.2.3. Resultat

Mørkridsdalen

Ferdselsteljarane vart sett opp før ura over stien nedanfor Grasøy og på same staden nedom Drivandefossen 11. mai og tatt nedatt 22. oktober, sjå figur 22. Teljaren ved Grasøy vart flytta ca. 100 meter lenger sør fordi steinen sin teljaren stod i fjor hadde rasa ned i løpet av vinteren.



Figur 22. Teljar ved Grasøy


Teljar ved Drivandefossen

Teljaren i Grasøy vart teken av den store flaumen 14. oktober, sjå foto i figur 22. Tala frå september i Grasøy er det mykje feil med. Frå 21. september gjekk tala opp til over 15.000 pr. dag inn i verneområdet og under 20 stk. ut. Dette gjentek seg med altfor høge tal inn i området og null ut. Difor kutta me statistikken etter 20. september. Tala viser stor skilnad på inn og ut som tyder på at det kan vere meir feil med tala.

Tala frå Grasøy viser stor auke frå 2017, men med ukjent feilkjelde i 2018 og ulik perioden så er ikkje tala direkte samanliknbare. Snittalet i 2018 er 58 (10. mai-20. september) mot 39 i 2017 (3. juni - 19. oktober). Travlaste dagen var mandag 4. juni med 356 passeringar mot 20. juni i 2017 med 246 passeringar. Søndag har vore mest trafikk i 2018. Det har vore mest trafikk tidleg i juni og i fellesferien.

Tala frå Drivandefossen ser veldig truverdige ut med omtrent like mange som går inn og ut. Totalt har 4870 passert teljaren i perioden 10. mai til 20. oktober. I fjor var det 4895 personar frå 3. juni til 19. oktober, så det har vore ein marginal nedgang frå i fjor. Begge åra har trafikken vore størst tidleg i august, sjå figur 24.

	<h2 style="margin: 0;">Grasøy</h2> <p style="margin: 0;">Periode Analysert: Torsdag 10 Mai 2018 til Torsdag 20 September 2018</p>	
---	---	---




Flaumen i oktober har reve ned teljaren

Nøkkeltall

- Total Trafikk for Analyserte Periode: 7,708
- Daglig gjennomsnitt:58
Ukedager:55 / Helgedager:65
- Månedlig gjennomsnitt: 1,751
- Travleste Dag i Uken:Søndag
- Travleste dager i Analyserte Periode:
 1. Mandag 04 Juni 2018 (356)
 2. Torsdag 05 Juli 2018 (303)
 3. Mandag 16 Juli 2018 (233)
- Fordeling etter Retning:


■ IN:64%
■ OUT:36%



25.10.2018

1 / 2


	<h2 style="margin: 0;">Grasøy</h2> <p style="margin: 0;">Periode Analysert: Torsdag 10 Mai 2018 til Torsdag 20 September 2018</p>	
---	---	---



25.10.2018

2 / 2

Figur 23. Eco - counter nøkkeltall frå for Grasøy viser stor skilnad på inn og ut tal. Bilda er teke etter flaumen. Elva har vore heilt opp til teljaren som stod rundt 5 meter over normal vasstand. Statistikken viser stor trafikk i juni og juli.



Figur 24. Statistikk frå ferdselsteljar ved Drivandefossen viser godt samsvar mellom tal inn og ut av verneområdet.

Dumdalen: Her har teljaren stått frå 24/5 til 19/10. Vi har 5091 som har passert teljaren her, noko som er ein nedgang på ca. 2700 frå i fjor. Turen til Dumdalsgrottene er ofte ein tur folk tek som alternativ når sommarveret ikkje er på sitt beste, fordi dei vil besøkje grottene og difor ikkje er avhengige av finvær. Sommaren 2018 baud på mykje finvær, og det kan vere ein av årsakane til at talet der har gått noko ned.

Rauddalen: Teljaren har stått ute frå 2/7 til 22/10 og registrert 372 passeringar. Teljaren har i år stått rett innanfor grensa til NP mot Nedre Leirvatnet. Talet her er nytt frå i år, og vi har ikkje noko grunnlag for å seie om dette er mykje eller lite. Men ein kan kanskje synes at talet er noko høgt ifht talet på overnattingar på Skridulaupbu, og vi tek med det i den vidare vurderinga.

<u>Dumdalen</u>	Inn	Ut	Totalt
2009 (26/6-6/10)	4282	1650	5932
2010 (16/7-22/10)	4955	2366	7321
2011 (6/6-11/10)	2747	2296	5043
2012 (6/6-11/10)	3200	1026	4226
2016 (6/6-14/10)	3933	2618	6551
2017 (2/6-11/10)	4410	3327	7737
2018 (24/5-19/10)	3053	2038	5091

<u>Rauddalen</u>	Inn	Ut	Totalt
2018 (2/7-22/10)	372	263	109

Figur 25. Statistikk frå Dumdalen og Rauddalen.

2.3 Bevaringsmål

2.3.1. Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet

- "Arbeidet med bevaringsmål skal videreføres.
- Tilstandsutvikling for bevaringsmål følges gjennom overvåking etter oppsatt frekvens (etter mal fra direktoratet, og knyttet opp mot forvaltningsplan). Nye bevaringsmål fases inn gjennom bestillingsdialogen"

2.3.2. Kort om aktiviteten

Desse bevaringsmåla er vedteke av nasjonalparkstyret i skjøtselsplanen for Mørkridsdalen:

1. Arealet slåttemark som vert slått på stølsvollane i Mørkridsdalen skal oppretthaldast på dagens nivå eller aukast ved å rydde attgrodde parti og ved å ta opp att slåtten.

2. Slåttemarkane skal hevdast slik dei tradisjonelt vart gjort, og skal beitast berre ein kort periode om våren.
3. Slåttemarkane skal slåast i høve til tradisjonen (omkring andre veka i august)
4. Slåttemarkane skal vere godt nedbeita ved sesongslutt
5. Innhaldet av karakteristiske urter skal aukast dei neste fem åra
6. Den jamne slåttemarksstrukturen skal etablerast også i parti som blir opna opp att
7. Kantsoner skal haldast opne med god tilgang på lys
8. Innslaget av problematiske artar som tistlar, sølvbunke og bregner skal reduserast
9. Slåttemarka på Knivabakkgjerdet som er skada av jordras må restaurerast, og vegetasjonen etablerast på ny ved hjelp av frø frå lagra høyr eller ved å tilføre høyr under slåtten

Alle måla er innfridd i år. SNO har sidan 2014 gjennomført målingar får å overvake desse bevaringsmåla for slåttegjerda på Dulsete og Knivabakkgjerdet:

1. Arealet på slåttemark på Dulsete og Knivabakkgjerdet skal ikkje gå ned i høve vernetidspunktet i 2009. *God måloppnåing*: større slåtteareal, *middels måloppnåing*: same areal som vernetidspunktet, *dårleg måloppnåing*: nedgang i det opne slåttearealet.
2. Mengda med slåtteartar i slåttegjerda skal auke som følge av slåtten. *God måloppnåing*: tal slåtteartar aukar både i dekningsgrad og i artar, *middels måloppnåing*: ingen utvikling, eller berre mengda av få slåtteartar aukar, *dårleg måloppnåing*: nedgang i tal slåtteartar og dekningsgrad med slåtteartar.
3. Mengde av problemartar som tistel, brennesle, sølvbunke og tyrihjelms skal gå ned. *God måloppnåing*: nedgang i alle problemartar, *middels måloppnåing*: same areal eller nedgang i nokre av problemartane, *dårleg måloppnåing*: auke i problemartar.

2.3.3. Resultat

Slåttenger

SNO overvaka naturtilstanden ved hjelp av artslistar i faste transekt på Knivabakkgjerdet og Dulsete i juli 2018. Slåttegjerda har vore utsett for uføresette påverknader som har redusert måloppnåinga. På Dulsete har ein grunneigar trekt seg frå slåttearbeidet på grunn av ein midlertidig konflikt med erstatningsspørsmål. På Knivabakkgjerdet har tørke og ras gjort slåttearealet midlertidig mindre, sjå figur 26 og 27.

Arealet med problemarten tyrihjelms har forsvunne på grunn av den årlege slåtten på Knivabakkgjerdet, men tistel er det framleis mykje av. Resultata i 2018:

1. Arealet av slåttegjerdet på begge slåttegjerda har minka i år: midlertidig *dårleg måloppnåing*.
2. Beitepresset har vore høgt i begge engene. På Dulsete har det kome inn fleire slåtteartar.: *god måloppnåing*.
3. Problemarten tyrihjelms har minka på Knivabakkgjerdet. Bekjempinga av tistalar går trengt og er ikkje kvantifisert gjennom teljing, men plantene er blirr utarma og mindre. Sølvbunke har minka tydeleg i høve til starten i begge slåttegjerda: *God måloppnåing*.



Figur 26. Raset på Knivabakgjerdet er i ferd med å bli slåtteng att.



Figur 27. Ein del av slåttenga på Dulsete vart ikkje slått i år.

Hastingsskog

To studentar på Høgskulen på Vestlandet har gjort eit stort arbeid med å lage forslag til bevaringsmål og overvakingsmetodikk for haustingsskog i tre lokalitetar i Mørkridsdalen. Resultatet føreligg no i ei gjennomarbeidd bacheloroppgåve. Resultatet kan brukast direkte av forvaltinga og SNO. Her blir noko av samandraget i oppgåva gjengitt:

"For å konkretisere verneformålet og sikre ivaretagelse av naturkvalitetene i verneområder utarbeides bevaringsmål etter Miljødirektoratets metodikk. I denne oppgaven har vi utarbeidet forslag til bevaringsmål for tre ulike naturtyper: *høstingsskog*, *lauveng* og *hagemark*, med utgangspunkt i eksempellokaliteter i Mørkridsdalen LVO. Disse naturtypene er preget av gamle styvingstrær og omtales gjerne under samlebegrepet tresatt kulturmark. Bevaringsmålmetodikken er en enkel form for overvåking, som benytter tilstandsvariabler for å indikere tilstanden i naturtyper. For høstingsskogen har vi foreslått bevaringsmål som hovedsakelig er knyttet til trærne, og benytter tilstandsvariablene *tresjiktdeknning*, forekomst av små *styvingstrær* og *tre med spesielt livsmedium*. I lauvenga er feltsjiktet en viktig karakteristikk og vi har foreslått å måle *feltsjiktdeknning*, *problemart* og *indikatorart*. I hagemark har vi foreslått et bredere spekter av bevaringsmål og metoder for overvåking, vi har benyttet tilstandsvariablene *tresjiktdeknning*, *indikatorart*, *regionalt viktige arter* og *vegetasjonssammensetning*. Disse bevaringsmålene er fullstendig beskrevet i tabeller med metode, i tillegg har vi listet opp ytterligere forslag som kan videreutvikles."



Figur 29. Ein av studentane under rettleiing av amanuensis Inger Auestad.

2.3.4. Utviklingstrekk, utfordringar og oppfølging

- Forvaltinga treng god statestikk på naturtilstanden og utviklinga som følge av tiltak. Så lenge NatStat og NatReg ikkje er operativt så får ein ikkje gode tal å rapportere på.
- Forslag til bevaringsmål og metodikk for haustingskogen i Mørkridsdalen må følgast opp.
- Natstat og Natreg må takast i bruk

2.4 Bestandsovervaking av rovvilt

2.4.1. Kort om aktiviteten


SNO gjennomfører bestandsregistrering av jerv frå januar og ut snøsesongen. SNO i Breheimen brukar ein del arbeidstid på dette, sjå figur 2 og 4, og overvåkinga medfører mange besøk i store delar av verneområda, sjå GPS logg frå den samla SNO aktiviteten i bestandkartlegginga, figur 31. Rovviltregistreringar vert rapportert gjennom Rovbasen som har eigen innsynsløysing.

Vi har halde fram bruken av viltkamera for å forenkle registreringa av yngling (figur 30). I år har dette bidrege til å få dokumentert yngling, som vi elles hadde måtte vore inne på barmark for å få status på.

Sporing viste to områder i Breheimen frekventert av jerv. Ved hjelp av viltkamera fekk vi påvist yngling i to ynglelokalitetar. Begge desse ynglingane er på Opplandssida.



Figur 30. Jerv fotografert ved hjelp av viltkamera



Figur 31. Samla GPS logg over alle flygingar, snøscooterturar og skiturar i arbeidet med bestandskartlegging av jerv i 2018.

Innsamling av DNA frå jervskit er også ein viktig del av registreringsarbeidet. Dette er med på å slå fast kor mange forskjellige individ vi faktisk har i områda våre. Innsamling av DNA dokumenterte 4 ulike individ som har vore innom Luster. To av desse vart avliva. Jervane bruker store område og vert registrert i Lom, Skjåk og Luster.

Det er ikkje dokumentert tap av sau grunna jerv i Luster i 2018.

Anna rovviltarbeid i 2018

Det er utført skuddplassundersøkelser etter lisensfelling av jerv eller ved kvotejakt på gaupe. Spormeldingar på bjørn, ulv og gaupe er kontrollert for å få riktig status på slike meldingar. Forvaltningsmerking av ulv i Østerdalsområdet. Skadefelling på ulv i Østerdalsområdet.

2.5 Artsobservasjonar

Breheimen nasjonalparkstyre bestilte ein rapport i regi av Kistefos skogtjenester, der dei ville ha ei sårberheitsanalyse for fugl i Breheimen.

2.5.1. Kort om aktiviteten

Kistefos har i 2017 og 2018 innhenta opplysningar og registrert vadefugl og rovfugl-lokalitetar. Dette for at forvaltninga skal ha eit betre grunnlag å vurdere ev tiltak ifht sårbare artar. I denne jobben har SNO bidrege med kunnskap og hjelp til Kistefos, både med registreringar og bistand med båtskyss over vatn.

I tillegg har vi hatt ute lyttestasjonar for hubro i Breheimen. Vi fekk der opptak av hubro på ein plass, noko som var gledeleg. Vi fortset med kartlegginga også i 2019.

2.5.2. Resultat eller reaksjonar

Kistefos har levert egen rapport på sårberheitsanalysa.

Elles er revir av kongeørn registrert av SNO ved å legge inn aktivitet i Artsobservasjonar. Oter er det og spesielt fokus på i år.

2.5.3. Utviklingstrekk eller utfordringar

Det er ei utfordring av det ikkje har kome feltApp for å registrere artar direkte på telefonen medan me er ute. Difor må observasjonane leggest inn på PC og det blir forsinkelse og i verste fall utegløynt.

2.6 Rydding av avfall i Bordvassvegen

Bordvassvegen er ein vassveg som går frå innunder Lomseggen på sørsida mot Bøverdalen, og heilt til Lom. Vassvegen går på ein plass over ei stor urd, der det har vore lagt ned store plastrøyr for å føre fram vatnet til bygds. Desse røyrane har vorte øydelagde opp gjennom åra, av snøtrykk og sollys, og er difor ikkje til hjelp lenger her. Vi hadde difor ein ryddeaksjon der vi samla saman alle sunde røyr og lagra dei opp i storsekkar og buntar med røyr (figur 32). I tillegg har grunneigarane rydda opp rundt Bordhytta for å få frakta ned til miljøstasjonen. Alt dette skulle fraktast ned med helikopter på haustkanten, men været og andre uforutsette ting gjorde det slik at dette vert utsett til våren 2019.



Figur 32. Rydding av plastrøyr i Bordvassvegen.

3. Bestillingsoppgåver

3.1 Føringar frå KLD eller Miljødirektoratet

- "Oppfølging av bestillingsmøtene (bestillings skjema og ESS). Viktig med tydelige tilbakemeldinger på hva vi kan/vil prioritere av oppgaver. Allerede igangsatte skjøtsels- og bekjempelsestiltak og tiltak knyttet til besøksforvaltning/merkevare

skal prioriteres i tillegg til fortløpende vedlikeholdsarbeid på skilt, informasjonstavler, infrastrukturtiltak mv som tilhører forvaltningsmyndigheten".

3.2 Kort om aktiviteten

Breheimen nasjonalparkstyre har gjort bestilling av SNO ressursar i Breheimen og tilgrensande verneområde, sjå tabell 1 i Vedlegg. SNO har rapportert i Verneområdeloggen. I kapitla under viser ei kort oppsummering av tiltaka.

3.3. Skjøtselstiltak

3.3.1. Kort om aktiviteten

I Luster har det vore jobba med å vidareføra igangsette skjøtselstiltak. Det vart sett i gong eit nytt prøveprosjekt på haustbeite i Mørkridsdalen. På Mysubytta vart det i år kapp ned ein del einer rundt sæterområdet. Det har beita nokre geit rundt sæterstulen først på sommaren. I Høydalen har det vore gjort eit ryddearbeid ifht løyvet om å få gjerde inn eit beiteområde for dyr i Nørre Høydalen. Der har det vore plukkhogst og inngjerding av arealet med stålstrømtråd.

3.3.2. Slått og haustbeite på slåttengene i Mørkridsdalen

Våren og sommaren 2018 var svært tørr og solrik, og både fjellområda og slåttemarka var svært tørr. Sauene beita mykje lenger enn normalt fordi eit 20 tal av dei kom nedatt frå fjellet og blei der store delar av sommaren (figur 34).

SNO fjerna tistel med ljå i juli, og stilkane vart fjerna slik at ingen tistlar fekk frøe seg i år (figur 35). Området med tyrihjelmer var så godt som borte, med det er framleis mykje tistel (figur 33).

Begge gjerda vart slått i siste halvdel av august. Graset låg nokre dagar og vart deretter fjerna. Det vart sendt fleire sauer på haustbeite på Knivabakkgjerdet i år, rundt 140 vaksne sauer beita frå midten av september til etter flaumen. På Dulsete har 40 storfe beita etter slåttene. Begge stader har beitepresset vore høgt etter slåttene. Det vart store utfordringar med å få nedatt sauer og storfe etter flaumen i oktober.

3.3.3. Nytt haustbeiteprosjekt i Mørkridsdalen


Det vart sett i gong eit nytt haustbeiteprosjekt lenger inni dalen i Grandali på vestsida av Mørkridsdalen. Det vart sendt 74 vaksne klipte sauer utan lam inn att på haustbeite 14. september i området som er gjerda inn, sjå figur 36 - 39. Også her vart det store utfordringar å få ned att sauene etter flaumen då både bruer og stiar vart øydelagt, og det måtte takast i bruk helikopter.



Figur 33. Framleis mykje tistel på Knivabakkgjerdet



Figur 35. Tistel slått før slått på Knivabakkgjerdet



Figur 34. Mykje beitedyr gjekk ned i dalen til langt utpå sommaren



Figur 36. Snausauer på haustbeite i Grandali



Figur 37. Brua vart øydelagt i flaumen og sauene måtte takast ein annan veg ned.



Figur 38. Det vart sett opp gjerde for haustbeiteprosjektet



Figur 39. Det måtte byggjast ny midlertidig sti for å få suene heimatt.

3.3.4. Andre små skjøtselsprosjekt i Mørkridsdalen

Det vart fjerna tistel på Dalen slik som i 2016 og 2017. Det vart og rydda for tistel på Berget. Lauvenga på Kodlhaug vart slått i juni (figur 41). I tillegg vart det rydda mykje skog i vinter for å få inn meir lys (figur 40). Det har begynt å dukke opp slåttengartar i enga no, og det er tydeleg mindre attgroingsartar som bringebær, tyrihjel, mjødurt og ore rydningar.



Figur 40. Rydding av skog i Kodlhaug.



Figur 41. Slått av lauvenga i Kodlhaug.

3.3.5. Skjøtsel i Vigdalen

Beiteprosjektet rundt Vigdalsstølen er vidareført med eit nytt beiteområde på stølsvollen. Grunneigaren valde å dela opp årets skifte i 3 mindre areal. Dette for å unngå å stenga av stiane som går opp på sjølve stølsvollen. Grunneigar ser det som svært viktig at området er tilgjengeleg for ålmenta, og då kan ei grind verta meir som eit hinder for enkelte. Det vart beita med 28 storfe (22/6 - 13/9) 12 sauer (13/8 - 4/9) 2 til tider 3 hestar (14/8 - 24/9)

Utpå seinhausten vart det sett i gong hogging av meir gran ved Li-Hans fjøsen.



Figur 42. Tre ulike beitedyr brukt på beiteprosjektet i Vigdalen. Først sau, så kyr, til sist hest.

3.3.6. Tilsyn i Dumdalsgrottene

I Dumdalen har vi også i år hatt oppe sperregjerder ifbm sårbar natur i starten av dalen. Rydding av søppel, samt vasking av tagging i grottene som vanleg. Tagging i denne samanhengen, er at folk krotar i tunnelveggane med stein og skriv namnet sitt bl.a. I enkelte grotter kjem det att ny tagging etter vasking/skuring, og andre stader blir det ikkje tagga på nytt. Det er difor eit årleg titak å følgje opp dette. Informasjon til folk i området om verneverdiane og viktigheita av skånsom ferdsel i grottene er også i portefølja.

Tilsyn med bålplassen som blir brukt jamnleg er også viktig for å halde den ryddig. I Dumhøgrotta har vi fjerna noko infrastruktur, som blant anna ein trestige som har vore brukt til å koma seg opp inni grottene. Skiltet som står ved inngangen til spiralgrotta har vorte skifta etter noko hard medfart. Elles var vi i området då NRK filma Monsen minutt for minutt på turen frå Bøverten til Sognefjellshytta. Det gjekk då i underkant av 200 personar innover Dumdalen, og det var telting i områda bak skilta med sårbar vegetasjon (figur 43-44). Vi kunne ikkje korkje då eller i ettertid sjå at noko låg att etter denne sendinga.



Figur 43. Kanalisering av ferdsel i Dumdalen.



Figur 44. Folk respekterer ikkje skiltinga.

3.3.7. Skjøtsel Mysubytta

På Mysubytta har det vore gjort ein innsats på seterstulen, både innanfor gjerda og utanfor. Det har vore beitt med storfe på enkelte kveer, der eigar har gjort ein jobb i forhold til gjerding og å flytta dyr litt fram og attende rundt på seterstulen. I tillegg har det vore gjort nygjerding på Teigakvea lengst vest på seterstulen. Det har gått ein geiteflokk i området på Mysubytta, men desse har for det meste hatt tilhold utanfor seterstulen ut i Mysubyttedalen. Det har vore hogd bort einer på seterstulen, for å opne opp landskapet både visuelt og for å få opp meir beitemark.

3.3.8. Utviklingstrekk og utfordringar

I Mørkriddsdalen har flaumen skapt store utfordringar for beitenæringa. Øydelagde bruer og stiar gjer at det er vanskeleg å få inn beitedyr. Beitedyr er viktig for å oppretthalde verneverdiane.

Gjengroing og spreing av gran trugar verneverdiane i Vigdalen. Igangsette tiltak med beiting og granhogst må vidareførast.

Utfordringar med skilting i Dumdalen.

3.2.1 Tilråde oppfølgingspunkt

- Prioritere oppattbygging av infrastruktur etter flaumen i Mørkridsdalen LVO
- Vidareføre oppstarta tiltak i Vigdalen LVO
- Vidareføre oppstarta tiltak i Mysubytta
- Følgje opp skjøtselsprosjekt i Høydalen
-

3.3 Restaureringstiltak

3.3.1 Utbetring av stiar i Mørkridsdalen

Det var sett opp fem tiltak på buforvegen i 2018. Tre av tiltaka er gjennomført etter planen, men flaumen sette ein stoppar for tiltaket ved Vetlafosso og klopplegginga på Dulsete.

Sherpaer bygde vidare på stien mellom Rebnisli og Skåri, sjå figur 45. Skjolden bygdeservice har utbeta stien opp til Osen ved Hundkast og stien mellom Osen og Åsete.

Dei gamle kloppene på Dulsete vart rydda vekk. Flaumen førde alle dei nye kloppene inn i skogen.

3.3.2 Restaurering av steingarden på Dulsete

Restaureringa av steingarden på Dulsete vart vidareført med oppattbygging av nye 20 meter ved Haugaselet, sjå figur 46.



Figur 45. Stien til Skåri.



Figur 46. Sherpaer restaurerar muren på Dulsete.

3.3.3 Klopplegging i Honnsrøve NR

Vi køyrde ut halvklovningar av malmfuru i vinter med snøscooter. Desse tok vi fatt på i sommar og la ut på ein del plassar der det er myr og bekk som ein lyt passera på råket opp mot Glittervatnet frå Botnsetra. Vi nyttar furu frå Skjåk og bindhakar smidd i Lom.



Figur 47. Nye klopper over myrer i Honnsrøve NR

3.3.4 Utviklingstrekk og utfordringar

Flaumar og ras gir stadig nye utfordringar for arbeid med stiar og bruer.

3.3.5 Tilrådde oppfølgingspunkt

- Prioritere oppattbygging av infrastruktur etter flaumen ...

4. Vedlegg

Tabell 1: Bestilling av SNO ressurs i 2018

Bestiller: Breheimen nasjonalparkstyre							
Verneområder	Prioritet (kategori 1, 2, 3)	Verneområde/innsatsområde /lokaltitet	Forankring og beskrivelse av oppdraget	Anslått tidsbruk i dagsverk	Metodebeskrivelse evt henvisning	Rapportering (rapportformat, lagringssted for rapp., egenskapsdata ol.), Stand. rap.verktøy som Verneområdelogg, Artsobs, Natstat, anmeldelsesbase og Rovbase skal benyttes.	Ansvarlig i SNO-L
Tiltak (skjøtsel/t	1	Breheimen NP	Prosjekt Dumdalen	5	Fjerning av installasjoner. Oppsetting av tellar. Oppsett av skilt	Verneområdelogg	Øyvind Angard
Tiltak (skjøtsel/t	1	Mysubytta LVO	Implementering av plan	4	Ingangsetting av skjøtsel. Sette bevaringsmål.	Gjennomført. Rapport i Vernområdeloggen.	Øyvind Angard
Tiltak (skjøtsel/t	3	Breheimen NP	Innfallspor frå Sognefjellsvegen	1	Fjerning av restar etter telefonline Sognefjellet.	Gjennomført. Rapport i Vernområdeloggen.	Øyvind Angard
Tilsyn/kontroll	2	Breheimen NP	Hogst framand art Tundradalen-Tilsyn	1	Tilsyn med hogst	Gjennomført. Rapport i Vernområdeloggen.	Øyvind Angard
Tiltak (skjøtsel/t	1	Høydalen LVO	Skjøtselsplan, synfaringar og fagleg bidrag	2	To møter, evt befaring	Gjennomført. Rapport i Vernområdeloggen.	Øyvind Angard
Tilsyn/kontroll	3	Mørkridsdalen LVO	Rydding av paintballbane	2	Organisering av rydding i samarbeid med grunneigar og kommunen.	Flaumen fjerna bana	Liv
Tilsyn/kontroll	1	Breheimen nasjonalpark, Mørkridsdalen LVO, Vigdalen LVO, Mysubytta LVO, Høydalen LVO, Strynefjellet LVO, Høyrokampen naturreservat	Oppfølging av dispensasjonssaker fatta av nasjonalparkstyret og forvaltalar. Gjeld oppfølging av dispensasjonar, både styrevedtak og delegerte vedtak, inkludert kontroll av motorferdsel	Liv: 10 Øy	Generell prioritering av kontrollverksemd. Kontroll/Godkjenning av tiltak, inkludert kontroll av motorferdselløve/køyrebok	Gjennomført. Rapport i Vernområdeloggen og i kontrollplan for motorferdsel?	Øyvind Angard Liv Byrkjeland

Tiltak (skjøtsel/tilrettelegging)							
	1	Breheimen generelt		Liv: Kontinuerlig ved	Utskifting av løveskilt	Gjennomført. Rapport i Vernområdeloggen.	Øyvind/Liv
	1	Mørkridsdalen LVO, Vigdalen LVO	Oppfølging/godkjenning av tiltak i tenestekjøpsavtalar. (Slått, Dulsete, haustbeiteprosjekt, tilrettelegging og utbetring av stiar)	7	Oppfølging i felt	Gjennomført. Rapport i Vernområdeloggen.	Liv
	3	Mørkridsdalen LVO	Slått på Grasøy	0,5		Utsett	Liv
	2	Mørkridsdalen LVO	Hogst og lått av lauveng ved Jervane	5	Hogst for å få inn meir lys i lauvenga	Gjennomført. Rapport i Vernområdeloggen.	Liv
	1	Mørkridsdalen LVO	Rydde på Berget	1	Jamleg tiltak mot lauvoppslag, særleg av gråor og slå	Gjennomført. Rapport i Vernområdeloggen.	Liv
	1	Vigdalen LVO	Skjøtselsplan; synfaringar og fagleg bidrag	3	To møte, evt. Synfaring	Gjennomført.	Liv
	1	Mørkridsdalen LVO	Rydde tistel på Knivabakkgerdet	1	Myrtistel	Gjennomført. Rapport i Vernområdeloggen.	Liv

Kartlegging/registrering/overvåking							
	2	Mørkridsdalen LVO, Vigdalen LVO	Etablere faste fotopunkt	0,5	Knytt til beitetiltak og slått	Gjennomført i Mørkridsdalen.	Liv
	1	Breheimen NP	Oppfølging av stenging av grottene i Dumdalen, jf.	Liv: 3 Øyvind:	Organisert oppsyn i grottene i Dumdalen		Øyvind/Liv
	1	Breheimen alle	Bistå Kistefoss skogtenester med informasjon og evt. registreringsarbeid.	Liv: 1 Øyv	Gjennom møte orientere om kjende lokaliteter, evt. bidra med registrering	Gjennomført	Øyvind/Liv
	2	Mørkridsdalen LVO og Vigdalen LVO	Registrering av tekniske installasjonar		Mål på bygningar og registrering av andre installasjonar. Prioritere	Gjennomført. Eige rapportskjema til Miljødirektoratet.	Liv
	1	Breheimen NP, Vigdalen LVO og Mørkridsdalen LVO	Overvåking og fjerning av framande artar, gran	2	4 stølsområde med høg	Gjennomført. Rapport i Vernområdeloggen.	
	1	Rauddalen, Dumdalen, Hødnevollan, Mørkrid	Ferdselsteljarar	Liv: 4 Øyv	Oppsett og nedattaking, inkl. oppfølging.	Gjennomført.	Øyvind/Liv

Statens naturoppsyn

Telefon: 03400/73 58 05 00 | Faks: 73 58 05 01

E-post: post@naturoppsyn.no | Nett: naturoppsyn.no

Post: Postboks 5672 Torgarden, 7485 Trondheim

Besøksadresse: Brattørkaia 15, 7010 Trondheim

Miljødirektoratet er eit statleg forvaltningsorgan underlagt Klima- og miljødepartementet. Statens naturoppsyn (SNO) er Miljødirektoratets feltpersonell.

SNO varetek nasjonale miljøverdiar og førebygger miljøkriminalitet. Oppgåver spenner frå kontroll og overvaking, til skjøtsel i verneområde, tilrettelegging i viktige natur- og kulturminneområde, informasjon og formidling.

SNO har òg mange oppgåver knytt til store rovdyr, både registrering av bestander, dokumentasjon av skader på husdyr og tamrein, og uttak av dyr det er gitt fellingsløyve på. Leiinga i SNO sitt i Trondheim, og vi har kring 60 lokalkontor spreidd over heile landet.